

Master i barnevernsfagleg arbeid og master i barnevern

Nasjonal eksamen i rettsanvendning i barnevernsfagleg arbeid

7. desember 2022

Eksamenstid 4 timar
Kl. 10.00 – 14.00

Skoleeksamen
Alle hjelpemiddel tillatne

Oppgåvetekst nynorsk

Kari er mor til Morten 8 år og Mia 5 år. Etter at far deira, Knut, omkom i ei ulykke for eitt år sidan, har Kari vore aleine om ansvaret for barna. Før Knut omkom var barna ca. 40 % av tida hos han. Kari og Knut samarbeidde godt om omsorga for barna etter at dei flytta frå kvarandre for to år sidan. Overgangen til å ha ansvaret åleine for barna har vore stor for Kari, særleg fordi ho ikkje har noko familie i nærleiken som kan hjelpe henne.

Morten har alltid vore ein aktiv gut, med mange vener. I barnehagen var han ein som ofte tok initiativ til leik og blei sett på som ein humørspreiar. Etter at han begynte på skolen fekk Kari raskt signal frå lærarane om at Morten var ei uokråke som forstyrra dei andre elevane. Skolen har sett inn ekstra ressursar til han, men lærarane meiner det har hatt avgrensa effekt. Førre skoleår var det fleire hendingar der Morten fekk raserianfall som ifølge lærarane blei utløyst av bagatellar. Han har også stukke av frå skolen eit par gongar.

Kari har hatt nokså jamlege møte med lærarane på skolen, og i det siste møtet blei det stilt spørsmål ved om Kari kunne trenge noko avlasting frå barna. Ho har ikkje noko åleinetid slik ho hadde tidlegare når barna var hos Knut. Lærarane spurde henne derfor om det var greitt at dei sende ei melding til barnevernstenesta der dei forklarte situasjonen om Morten og familiesituasjonen elles. Kari var einig i at det kunne vere greitt å ha ei helg i månaden for seg sjølv, til å gjere det ho har lyst til. Ho skreiv derfor under på eit samtykkeskjema. Idet Kari skulle reise seg for å gå, var det tydeleg at ho hadde vondt i ryggen. Ein av lærarane kommenterte dette: «Eg ser ryggen din har slått seg vrang.» Det fekk Kari til å fortelje at ho slit med mykje hovudverk og ryggmerter som gjer at ho søv dårleg om natta. Ho fortalde også at mangelen på søvn gjer at hovudet tidvis følast som «bomull» og at ho ikkje alltid klarer å stoppe Morten og Mia når dei begynner å krangle. Skolen sende skriftleg melding til barnevernstenesta dagen etter, utan kopi til Kari.

Ein månad etter møtet med skolen mottok Kari brev frå barnevernstenesta med invitasjon til å kome på møte seks veker seinare. I brevet opplyste barnevernstenesta at dei på grunn av stor saksmengde ikkje hadde fått gått gjennom opplysningane skolen hadde sendt tidlegare, men at dei no hadde beslutta å innleie undersøking. I brevet stod det vidare: «På bakgrunn av informasjonen vi har mottatt frå skolen, vil vi no innhente opplysningar frå andre relevante instansar.» Kari stussa over dette, men tenkte at det berre var ei standardfrase.

Då Kari kom til det avtalte møtet med barnevernstenesta, fekk ho høyre at det var innhenta opplysningar om Mia frå barnehagen og opplysningar frå fastlegen hennar, som gjaldt både henne og barna. Kari fekk kopi av meldinga frå skolen, der det Kari hadde fortalt skolen om helsa si kom fram. Kari meinte at skolen ikkje hadde hatt høve til å gi opplysningane om helsa hennar vidare. Det ho hadde fortalt, var meint som ei forklaring på at ho ein gong iblant kunne vere sliten. Ho hevda også at det umogleg kunne vere rett at barnevernstenesta hadde latt meldinga ligge så lenge utan å føreta seg noko. Dessutan meinte ho at barnevernstenesta uansett ikkje hadde høve til å starte undersøking, når det var snakk om eit hjelpetiltak. Dei hadde heller ikkje høve til å kontakte Mia sin barnehage og fastlegen deira.

Saksbehandlaren viste på si side til at dei var nøydde til å følge opp opplysningane som kom fram av meldinga frå skolen, sidan det stod i meldinga frå skolen at Kari sine rygg- og søvnevanskar gjekk ut over barna. Derfor var det nødvendig å skaffe opplysningar om korleis Mia hadde det i barnehagen og frå fastlegen. Kari heldt på sitt og meinte at dette ikkje kunne vere nødvendig. Det måtte dessutan vere forskjell med omsyn til kva for nokre opplysningar som måtte innhentast når det var snakk om å sette i verk eit frivillig avlastingstiltak til forskjell frå ei omsorgsovertaking, og at det burde vere tilstrekkeleg at ho i første omgang blei kalla inn til ein samtale.

Drøft og avgjør prinsipale og subsidiære rettsspørsmål som oppgåva reiser.

Du kan løse oppgåva anten etter gjeldande barnevernlov eller etter barnevernsloven av 18.06.2021.